



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 28.11.2017 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Borgny Birkeland, Lisbeth Haugsbø, Jarle Berge, Runar Matsui-Li, og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall:

Anne Lise Ljotebø, Stine Iren Røyseth og Leif Arne Fureli.

Kopi av møteboka går til:

Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknad.

Meldingssaker:

000031 Soknepresten har ordet.

Presten las eit bibelord og delte med oss nokre tankar omkring det.

000032 Rekneskapsrapport.

Rapporten vert teken til vitring slik den førelåg.

000033 Musikk til lysmessa 10. desember.

Soknepresten har sett opp framlegg til program for lysmessa.

Nokre musikarar har sagt ja til å medverke, og presten innpassar innslaga i programmet.

000034 Trusopplæringstiltak i 2018.

Tårnagentane samlast frå både frå Høyanger og Kyrkjebø sokn i Høyanger 10. – 12. februar. Saka vert elles utsett.

000035 Vedlikehaldsplan for Vadheim gravplass.

Saka vart utsett sidan Leif Arne Fureli, som skulle førebu saka, hadde meldt forfall.

000036 Evaluering av Hausttakkegudstenesta.

Dette var ei gudsteneste med variert program, gode musikkinnslag og mange frammøtte.

000037 Årshjul for soknerådet.

Saka vert utsett til neste møte.

Føreutseielege hendingar vert lagde inn i eit utkast som soknerådsmedlemene må få tilsendt saman med innkallinga til neste møte.

Vedtakssaker:**Sak 027/17: Møtedatoar i 2018.**

Soknerådet har møte: 30.01., 27.02., 03.04., 29.05., 28.08., 02.10., og 27.11. Alle møta startar kl 19.00. Kyrkjelyden sitt årsmøte vert 04.02.18 i Vadheim etter gudstenesta som tek til kl 17.00.

Sak 028/17: Medarbeidarfest i 2018.

Saka vert utsett. Til neste møte må ein ha framlegg til kven som er aktuelle å invitere til ein slik fest.

Sak 029/17: Kyrkjevertar for 1. halvår 2018.

Sjå eige vedlegg !

Sak 030/17: Tildeling av offer 1. halvår 2018.

Offertildeling vert fastsett for dei fyrste gudstenestene på kvar kyrkjestad. På neste møte i soknerådet tek ein opp til meir prinsipiell drøfting kva offera skal gå til.

Sak 031/17: Restaurering av orgelpiper til det ”nye” orgelet.

Det framgår av sakstilfanget at Kyrkjeleg fellesråd ser finansiering av denne restaureringa som mogeleg. Bileta og tilrådingane frå fagleg hald som ligg i saka gjer då soknerådet sitt val svært enkelt.

Vedtak: Soknerådet tilrår å seie JA til slik restaurering.

Sak 032/17: Høyringsuttale til ny lov for trus- og livssyns-samfunn.

Dette er ei omfattande sak, og soknerådsleiaren hadde difor to alternative framlegg:

- 1) saka vert teke opp i eit ekstraordinært møte, og vert då einaste sak, eller
- 2) soknerådet gjev eit utval på to eller tre personar fullmakt til å utarbeide eit høyringssvar.

Vedtak:

Alternativ 2) vert valt. Til utvalet vert Audun Digranes, Sturla Bell Fossen og Runar Matsui-Li valde. Utvalet har fastsett møte for utarbeiding av høyringssvar den 12.12. kl 19.00 på Kyrkjelydshuset.

Møtet slutt kl: 21.15.

Sturla Bell Fossen
- skrivar –